

STATSSPRÅK

BLADET FOR GODT SPRÅK I STATEN /// NR. 2 – 2012

En skjult skatt

Du jobber med en fagtekst og leter etter en norsk term. Eller du skal henvise til et EU-direktiv som du bare kjenner den engelske tittelen på, selv om du vet at direktivet finnes på norsk. Men hva er den korrekte norske tittelen? Fortvil ikke, hjelpen er bare noen tastetrykk unna.

På Internett finnes nemlig EØS-EU-basen, en av landets største eletroniske termsamlinger. Den er godt skjult, men innholdsrik. Basen er gratis og tilgjengelig for alle, og den inneholder fagstermer på fransk og engelsk med ekvivalenter på bokmål og/eller nynorsk.

– Hvorfor skrive *aksess* i stedet for *tilgang/adgang*, *interoperabilitet* når vi kan skrive *samtrafikkeve* eller *regime* i stedet for *ordning*? Terminologiarbeid er avgjørende for å bevare og utvikle norsk fagspråk, noe som er en forutsetning for at norsk fortsatt skal kunne brukes på alle samfunnsområder, sier Cecilie Ovrum.

Hun er seniorrådgiver i EØS-sekretariatet, en del av europaavdelingen i Utenriksdepartementet (UD). Der oversettes EU-rettsakter (direktiver, forordninger o.l.) som innlemmes i EØS-avtalen og gjennomføres i norsk rett. Utgangspunktet er parallelle kilde tekster på fransk og engelsk. Ovrum er terminolog og har hovedansvaret for EØS-EU-basen og for å fastsette norske termer og sikre at de blir mest mulig konsekvent brukt i oversettelsene.

Mer enn «bare» EU-terminologi

– EØS-EU-basen er ikke bare vårt viktigste redskap i oversettelsesarbeidet, den er også til stor nytte for brukere utenfor UD. Mange statsansatte deltar i EØS-arbeid og er opptatt av eller har ansvar for terminologien på sitt fagområde. Da er basen et nyttig oppslagsverk, siden den er enkel å bruke, og de norske fagstermene du finner der, er godkjent i samarbeid med norske fagmyndigheter. Du kan også hoppe fra en norsk term i basen og inn i oversettelsen der den er brukt, forteller hun.

Basen er begrepsbasert. Det vil si at all informasjon om et begrep, inkludert termen på tre språk, ligger samlet i det som kalles en termpost.



ZargonDesign / Stockphoto

Basen inneholder over 40 000 termposter og over 146 000 søkbare termer.

– Grovt sett kan termene deles inn i tre grupper: spesielle EU-termer, altså vide begreper som skal beskrive virkeligheten i alle EU-land, men som ikke har noe motsvar i nasjonal språkbruk; juridiske termer og en stor gruppe termer fra mer enn 70 spesielle fagområder, alt fra miljø til selskapsrett og forsikring, forteller Ovrum.

Samarbeid med fagekspert

God terminologi skapes ikke av oversettere alene. Ekspertene på de ulike fagområdene bidrar også.

til side 2 →

Dårlige standardbrev bryter ned tillit

Under årets klarspråkkonferanse i Oslo i februar fortalte Navs kommunikasjonsdirektør Hege Turnes at Nav nå arbeider med å gjøre mange standardbrev mer forståelige.



Mange av brevene er nemlig så vanskelige å forstå at tillit som staten har bygd opp, blir revet ned når folk får brev fra Nav. En såkalt nullpunktsundersøkelse har avdekket at brevene har omfattende lyter. Resultatet er at altfor mange ringer Nav om helt elementære ting som burde ha vært forklart bedre i brevet, sa Turnes.

Nå skal Nav forbedre standardbrevene på flere sentrale stønadsområder. Medisinen skal blant annet være å skrive det viktigste først, definere begreper og gi tydelig beskjed hvis mottakeren skal gjøre noe. En ny undersøkelse vil avsløre om brevene kan friskmeldes.

Navs kommunikasjonsdirektør Hege Turnes

Språkrådet

www.sprakradet.no

www.sprakradet.no

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Leik og lær
- Andre språksider

OPPSLAGSTAVLA

Språkrådets terminologitjeneste

Terminologitjenesten tilbyr hjelp til å komme i gang med terminologiprosjekter og råd og veiledning underveis. Den svarer på spørsmål om terminologi og fagspråk på e-postadressen term@sprakradet.no.

Under **Terminologi og fagspråk** på Språkrådets nettsider finner du mer informasjon om terminologitjenesten og terminologiarbeid, blant annet en oversikt over termbaser og termlister på nett og en oversikt over trykte fagordbøker.

Publikasjoner om terminologi

Termlosen

Termlosen gjev ei kort og praktisk retta innføring i terminologiarbeid. Han gjev ei oversikt over terminologisk metode og korleis eit terminologiprosjekt kan byggjast opp. Du kan tinge *Termlosen* gratis på nettsidene til Språkrådet.

Standard for terminologi

Det finst ein eigen internasjonal standard for terminologiarbeid: *NS-ISO 704:2009 Terminologiarbeid. Prinsipp og metodar*. Standarden fastset dei grunnleggjande prinsippa og metodane for utarbeiding og samanstilling av terminologi. Du kan kjøpe standarden hos Standard Norge (www.standard.no).

Nyhetsbrevet Termposten

Språkrådets terminologitjeneste gir ut et eget nyhetsbrev, *Termposten*, tre ganger i året. *Termposten* inneholder blant annet nyheter om terminologiarbeid i Norge og resten av verden, spørsmål og svar om terminologi samt omtale av «utgavens term».

Nyhetsbrevet kommer bare ut i elektronisk form. Hvis du vil ha beskjed når nytt nummer kommer, kan du sende en e-post til term@sprakradet.no og be om å bli satt på distribusjonslista. Du finner tidligere utgaver av *Termposten* på våre nettsider.

→ En skjult skatt ... fra side 1



Seniorrådgiver Cecilie Ovrum i EØS-sekretariatet

Hun forteller at det også blant fagekspertene er ulike meninger om hvor viktig det er å finne norske termer og avløserord. På noen fagområder er påvirkningen fra engelsk så stor at fagekspertene ofte ønsker å bruke engelske termer ukritisk, også når det finnes gode og forståelige norske termer.

– Fagekspertene skal hjelpe oss med å avklare innholdet i et begrep, altså forklare hva det betyr. Men det er vi som er språkeksperter og som bestemmer «hva barnet skal hete». Det vil si at vi har ansvaret for den språklig merkelappen eller hva termen skal være på norsk, sier Ovrum.

Gode norske oversettelser

– Min erfaring er at en fagekspert som kan forklare hva et begrep betyr, som regel også har forslag til en norsk term, sier Ovrum.

Et eksempel er det engelske ordet *slot* som har mange ulike betydninger. Men innen luftfart er det en term med en helt presis definisjon: 'den tiden et luftfartøy (fly) har til rådighet i en lufthavn'. I EØS-EU-basen finner du den norske ekvivalenten *tidsluke*. *Slot* brukes nok ofte av norske fagfolk, selv om mange utenfor fagmiljøene ikke vil forstå hva det betyr. Den norske termen *tidsluke* er derimot nærmest selvfklarende.

– Det er et krav at EØS-rettsaktene skal foreligge på norsk, slik at de er tilgjengelige for alle. Vi har som mål å lage gode norske oversettelser med korrekt og entydig innhold. Vi har ikke anledning til å bruke engelske termer i oversettelsene, og derfor har arbeidet med å

finne norske fagstermer og avløserord en helt sentral plass. Terminologiarbeid er svært viktig for å motvirke det stadig større presset fra engelsk, mot både norsk fagspråk og allmennspråk, avslutter Ovrum.

Marianne Aasgaard

EØS-EU-basen

- Du finner basen lettest ved å søke etter «EØS-EU-basen» på Internett.
- Basen inneholder nå 40 538 termposter med begreper fra over 70 fagområder og 146 217 søkbare termer på fransk, engelsk, bokmål og nynorsk.
- En termpost inneholder alle opplysingene om ett begrep. Hvis samme term (språklig uttrykk) brukes for å betegne flere ulike begreper, skal begrepene beskrives i hver sin termpost.
- I tilknytning til basen ligger også alle de offisielle norske oversettelsene av rettsaktene, og disse kan du søke direkte i.
- Terminologiarbeidet og utviklingen av basen ble påbegynt i 1990 i forbindelse med oversettelsesarbeidet da forhandlinger om EØS-avtalen startet. Basen oppdateres kontinuerlig, og den ble gjort tilgjengelig på Internett i 2001.
- Arbeidet foregår i Utenriksdepartementet, som har det overordnede ansvaret for EØS-avtalen og for oversettelsen av EUs regelverk.

Standardavtale i begge målformer

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd ein ny standardavtale for forskings- og utgreivingsoppdrag. Avtalen er til bruk for alle som ynskjer uavhengig oppdragsforsking med høg grad av legitimitet. Avtalen ligg føre i begge målformer og i engelsk utgåve på www.regjeringen.no.

Eit lite innføringskurs i mållova – del 6:


Rett til å klage på mållova

Mållova er til for å sikre jamstillinga mellom bokmål og nynorsk i statstenesta og gjev mellom anna privatpersonar, organisasjonar og kommunar rett til å få svar i si eiga målform. Dersom staten ikkje oppfyller denne retten eller andre språklege rettar mållova gjev, kan ein klage til det aktuelle statsorganet eller til Språkrådet. Vi behandlar klagar knytte til mållova og tek då opp saka med det aktuelle statsorganet.



Kva er terminologi?

I faglege samanhengar nyttar vi språket annleis enn i dagleglivet. Eit av dei viktigaste kjenneteikna til fagspråket er bruken av fagtermar. Terminologi er ein disiplin som samlar inn, analyseerer, organiserer og presenterer termar m.a. i elektroniske termbasar. Eit viktig føremål i terminologien er å sikre effektiv og



presis kommunikasjon i faglege samanhengar. Fagomgrepa bør vere eintydig definerte og ha klare relasjoner til andre omgrep. Ein terminolog må difor arbeide tett med fagfolk. I boksane under kan du lese meir om nokre av prinsippa terminologien styrer etter.

Term eller omgrep?

Omgrepet er meiningsinnhaldet som ligg bak termen. Ein term er den språklege etiketten til eit omgrep. Dette skiljet er svært viktig i terminologilæra. Merk at ordet *ord* er mindre presist og gjerne viser til både innhald og uttrykk på ein gong.

I terminologisk arbeidet tek ein framfor alt utgangspunkt i **omgrepet**. For å forstå eit omgrep treng vi ein definisjon, sjå boksen om definisjonar.

Kva er ein god term?

Skal du danne ein ny term eller omsetje ein engelsk term i fagfeltet ditt? Her er nokre retningslinjer frå terminologilæra:

Gjennomsynlegheit (transparens)

I ein term bør meiningsinnhaldet kome best mogleg fram. Helst bør sentrale trekk i definisjonen kome til syne i dei språklege komponentane i termen, slik at ein i størst mogleg grad kan tolke seg fram til tydinga.

Døme: *Fastrenteobligasjon*, sjå boksen om definisjonar. Ein annan god term er *deteksjontid* (innan brannvern), med definisjonen 'tida frå brannstart til brannen blir detektert automatisk eller manuelt'.

Språkøkonomi

Termen bør vere kort. Om han er for lang, blir det ofte danna uheldige forkortinger. I økonomifaget blir t.d. den lange termen *konkurransekursindeks* ofte forkorta til *KKI*.

Døme: *Termbase* er betre enn *terminologisk database*.

Korrekt språk

Termen bør følge norsk rettskriving.

Døme: Skriv *e-helse*, ikkje *e-Helse*. Unngå dessutan særskriving, skriv altså *bardunisolator*, ikkje *bardun isolator*.

Morsmålspreferanse

Termen bør vere bygd på norsk ordtilfang. Norske termar er lettare å forstå, lettare å bruke og lettare å lære for nordmenn.

Døme: *Referanseår* er betre enn *benchmarking*, *nettdugnad* er betre enn *crowdsourcing*, og *høve til sysselsetjing* er betre enn *employability*.

Eintydigkeit (monosemi)

Innanfor eit fagområde bør ein berre nytte éin term for eitt omgrep for å hindre mistydingar.

Døme: Det er uheldig å nytte *tillating*, *konsesjon*, *godkjenning*, *lisens*, *autorisasjon* og *løyve* om eitt og same omgrep, som t.d. 'løyve til akvakultur'.

Henta m.a. frå terminologistandarden NS-ISO 704 Terminologi arbeid. Prinsipp og metodar

Korte terminologiske råd

- Ver konsekvent og bruk éin term for eitt omgrep.
- Nytt norskspråklege termar.
- Ty gjerne til høvelege definisjonar når du nyttar termar i kommunikasjon med lekfolk.
- Tenk systematikk, ha andre nærliggjande omgrep i mente når du skal forklare og avgrense eit omgrep.



Kva er ein god definisjon?

Ein god definisjon skal seie noko vesentleg om omgrepet ved å avgrense det mot andre, nærliggjande omgrep. Det finst ulike måtar å skrive ein definisjon på. Her er to typar som bør nyttast for å sikre presisjon:

Innholdsdefinisjonen

Definisjonen omfattar det nærmaste overomgrepet og så kjenneteiknet eller kjenneteikna som skil omgrepet frå andre sideordna omgrep.

Døme: *Fastrenteobligasjon*: 'obligasjon som gir samme nominelle rente i hele løpetiden' (Noregs Banks ordliste). Det er altså ein slags obligasjon (overomgrep) som skil seg frå andre slags obligasjoner ved eit særskilt kjenneteikn, nemleg ved å ha same nominelle rente i heile løpetida.

Omfangsdefinisjonen

Definisjonen reknar opp alle underomgrepa som omgrepet omfattar.

Døme: *Forsøgingstillegg*: 'Forsøgingstillegg er en samlebetegnelse for ektefelletillegg og barnetillegg' (Navs ordliste for pensjon).

Hugs dette:

Ein definisjon må innehalde ei forklaring av termen, ikkje berre døme på bruk av han.

I ei ordliste fann vi denne «definisjonen» av *tinglysing*: 'Tinglysing av dokumenter skjedde tidligere ved domstolene, men ble gradvis overført og sentralisert til Statens kartverk i perioden 2004-2007.' Dette er ikkje nokon definisjon. Det er berre tilleggsopplysningar som ikkje fortel kva tinglysing er for noko.

RETURADRESSE:

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

B

NORGE/NOREG



SPRÅKTIPS



SPRÅKEGGET

Bidrag til denne spalten er vorpne av skrivande menneske i stat og presse. Dagens døme er henta frå Aftenposten.

Fylkesmannen kan ikke se at det er så sjenerende lukt fra Klemetsrud.

Han luktar vonleg med nasen neste gong!

Ordkleiking

Baksing i bakstamnen

Sist bad vi om ord for det å måtte rapportere om gamle tiltak i staden for å ta fatt på nye. «Følelsen kjenner jeg godt», sukkar ein underdirektør, nemleg «strikkhopp inn i 2012». Det er fleire som meiner at rapportering er risikosport. Ei påliteleg kjelde i Arkivverket meiner bakstrev og baklengsel set folk i fortidsklemma og gjer dei til etterlatenskapar med ryggeplager, etterrier og janushovud. No er redaksjonen redd for å bli fjaråslam!



Hummer og kanel – misforståtte uttrykk

Krutet og hjulet

Stundom høyrer vi folk seie at ein ikkje treng å finne opp krutet på nytt. Då blandar dei saman to ståande uttrykk: «ikkje ha funne opp krutet» og «finne opp hjulet på nytt». Om vi seier at nokon ikkje nett har funne opp krutet, meiner vi at han eller ho er godtruen eller dum. «Finne opp hjulet på nytt» vil seie å bruke tid og krefter på å pønske ut noko som allereie er velkjent.

MÅLTROSTEN

Kan, skal eller må + -st

På bokmål kan vi skrive t.d.: «Søknad sendes departementet.» Det kan vi ikkje på nynorsk. «Søknad sendast departementet» er gale. Vi må ta med eit hjelpeverb: «Søknaden kan/skal/må sendast til departementet.»

Når vi instruerer nokon, slik som her, kan vi beint fram nytte imperativ (bydeform): «Send søknaden til departementet.» Somme tykkjer vel at det verkar uhøfleg. Men ein kan snu på det: Den som kjem inn i eit rom og seier «Vinduet lukkes!», vil truleg ikkje bli hugsa for høvisk framferd.

Ein kan òg koste på seg: «Ver venleg og send ...». Slik kan det gjerast!

BOKFINKEN

Børsebærer?

Det er fort gjort å blande sammen *børse* og *bøsse*, siden de to ordene uttales nesten likt og har samme opphav. Det er helst *bøssebærere* som ber om penger under innsamlingsaksjoner. En som går med *børse* og samler inn penger, kan fort bli oppfattet som temmelig truende.

Børse er et skytevåpen, mens *bøsse* er en liten beholder med gjennomhullet lokk eller spaltelokk (*saltbøsse*, *pepperbøsse*, *sparebøsse*). Det heter altså *sparebøsse*, ikke *sparebørse*. Med en *sparebørse* kan man i beste fall spare på kruttet i bokmål. I nynorsk kan man riktignok ha *rs* i *sparebøssa* også, men *bøsse* betyr uansett bare 'beholder' i begge målformer. I dansk, derimot, både skytes og spares det utelukkende med *bøsse*.

DIKTET

Problem I

Bilder
går rett inn.
Ord
må en omvei.

Sang og klang
går rett inn.
Bokstavene
må en omvei
innom i hausen
derfor
anstrengende. Til nød
plakatskrift,
men helst ikke.

Rolf Jacobsen

Fra *Pusteøvelse*, Gyldendal Norsk Forlag

Husk bindestrek og komma

Mange statsorgan har sammensatte navn. Da må vi huske bindestrek: *Olje- og energidepartementet*. Dersom navnet inneholder tre ledd, må vi også huske et komma: *Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet*.

STATSSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Redaktør:
Torunn Reksten, statssprakrådet

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no

Utforming:
Marit Heggenhougen | cmykdesign.no
Trykk: Zoom Grafisk

Opplag: 17 500
Redaksjonen avslutta 20.04.2012

ISSN 0805-164X